



# Brukarmedverknad



## Hindring eller mogleheit?

- Retten til å seie si meining og til å bli høyrt er ein grunnleggande menneskerett
- Saken si opplysning- Brukaren er den som kjenner sine eigne utfordringar best
- Brukarmedverknad- ein føresetnad for at hjelpa skal virke
- Det tverrfaglege samarbeidet er og omfatta av kravet om brukarmedverknad: Opplæringsloven, barnehageloven, barnevernloven og helselovgivningen

Kjelde:

- Barnekonvensjon: <https://barneombudet.no/dine-rettigheter/barnekonvensjonen/>
- Forvaltningsloven § 17: saken skal vere så godt opplyst som mogleg:  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL\\_4#§17](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_4#§17)
- Omfattande krav til foreldresamarbeid, sjå m.a. forskrift til opplæringsloven kap.22

## Samarbeid med heimen

Både lov og forskrift understreker skolen og barnehagen sitt ansvar for samarbeid med heimen.

- Formålsbestemmelsen «*I samarbeid og forståing med heimen*»
- Pålagt å ha kontakt med foreldra gjennom heile skuleåret/barnehageåret
- Samarbeid og samtykke i forbindning med sakkyndig utredning og spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp

Brukarmedverknad er og sentralt i barnevernloven:

- Barnevernet skal utøve si verksamhet med respekt for og så langt som mogleg i samarbeid med barnet og barnet sine foreldre

Forarbeidane til dei nye reglane i opplæringsloven § 15-9:

*«Om og eventuelt korleis det skal samarbeidast om enkeltelevar, må uansett vurderast ut frå kva som er barnet sitt beste. Departementet viser til artikkel 3 i barnekonvensjonen, som m.a. fastset at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar frå det offentlege som vedkjem barn. Departementet viser dessutan til artikkel 12 i same konvensjon om at eit barn som er i stand til å danne seg eigne synspunkt, skal ha rett til å gi uttrykk for synspunkta i alle forhold som vedkjem det, og synspunkta til barnet skal bli tillagde tilbørleg vekt i samsvar med kor gammalt og modent barnet er.*

*Barnekonvensjon har status som norsk lov. Når det gjeld foreldresamarbeidet, viser departementet til reglane om dette i opplæringslova og forskrift til opplæringslova. Dersom oppfølginga av eleven skal bli vellykka, vil det i mange tilfelle vere viktig at foreldra får nødvendig informasjon frå skulen.*

*Når ein lokalt vurdera om det skal samarbeidast mellom ulike tenester etter den føreslattede føresegna, kva form samarbeidet skal ha, og kva for personopplysingar som eventuelt skal bli gitt vidare, er det nødvendig og å vurdera kva ulike framgangsmåtar vil ha å seie for tillitsforholdet til foreldra og til barnet. Eit øydelagt tillitsforhold til foreldra er i utgangspunktet negativt for barnet. Dette inneber at det kan oppstå behov for å gjere vanskelege avvegingar med utgangspunkt i kva som er barnet sitt beste».*

Sist oppdatert juli, 2019.

## Brukarmedverknad

Pasient- og brukarrettighetsloven § 3-1:

- ⊕ Pasient og bruker har rett til å medverke ved gjennomføring av helse- og omsorgstenester
  - Ved val mellom tilgjengelege og forsvarlege undersøkelses- og behandlingsmetodar
  - Form for medverknad skal tilpassast den enkelte si emne til å gi og ta imot informasjon
  - Tenestetilbodet skal så langt som mogleg utformast i samarbeid med pasient og brukar
  - Det skal leggast stor vekt på kva pasienten og brukaren meiner ved utforming av tenestetilbod
  - Barn under 18 år skal bli tatt med på råd når barnet si utvikling og modning og saken si art tilseier det
  - Dersom pasienten ikkje har samtykkekompetanse, har pasienten sine nærmeste pårørande rett til å medverke saman med pasienten

- Ynskjer pasient eller brukar at andre personer skal vere til stade når helse- og omsorgstenester vert gitt, skal dette som hovudregel imøtekommast.

## Føresetnad for medverknad

- ⊕ Informasjon om retten til å medverke
- ⊕ Informasjon om eigen sak
- ⊕ Bli lagt praktisk til rette slik at ein faktisk kan medverke
  - Ikkje alle har moglegheit til å delta i møter på dagtid
  - Møteleiar må legge til rette for at og brukaren får delta i samtaLEN

*Sist oppdatert juli, 2019*